



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0032 OSLO

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

MOTTATT

28 APR 2008

Dykkar ref.
200800221- /SEB

Vår ref.
200800670- UA HAA/haa

Dato
28.04.2008

Høyring - oppfølging av Stortingets vedtak om ny alderspensjon i folketrygda med utkast til lovendringer

Vi viser til brev av 28. januar 2008 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Justisdepartementet ønskjer allereie på dette stadiet i prosessen å kome med nokre lovtekniske merknader:

Lovforslaget legg opp til forholdsviss kompliserte modellar for fastsetjing av alderspensjon. Reglane er med sin tekniske karakter nokså vanskeleg tilgjengelege, i alle fall for personar som ikkje arbeider med trygderett til dagleg. Etter Justisdepartementets syn bør det leggjast stor vekt på å utforme reglar som er så enkle og lettfattelege som mogleg. Dette er viktig av omsyn til rettstryggleiken til den enkelte.

Ein bør vurdere å legaldefinere sentrale ord og uttrykk, om dei ikkje er sjølvforklarande eller har eit velkjent innhald. Eit døme kan vere omgrepet "arvegevinst" i lovforslaget § 20-8.

Etter § 20-2 skal alderspensjonen vere samansett av inntektspensjon og garantipensjon. Omgrepet garantipensjon er etter Justisdepartementets syn noko tvitydig, og ein bør her vurdere andre alternativ. Orda grunnpensjon eller minstepensjon, som ein kjenner frå dagens regelverk, er etter vårt syn meir treffande. At omgrepa vil få eit noko anna innhald i lova kapittel 20 treng ikkje å vere ei avgjerande innvending mot å bruke dei. Vidare bør ein vurdere om ein framleis kan nytte ordet tilleggspensjon, sjølv om ordet inntektspensjon i og for seg er opplyssande. Endringane i reglane om fastsetjing av

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akerøgt 42

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.: 978 417 831

Plan- og
administrasjonsavdelinga
Telefaks
22 24 95 34

Saksbehandlar
Harald Aass
22245137

alderspensjon inneber ikkje nødvendigvis at ein må erstatte omgrepsparet grunnpensjon/minstepensjon og tilleggspensjon med omgrepsparet garantipensjon og inntektspensjon.


Lovforslaget inneheld ei rekke forskriftsheimlar. I lovforslaget §§ 20-12 til 20-21 er det t.d. åtte slike heimlar. Det kan vere grunn til å vurdere om det er eit reelt behov for alle forskriftsheimlane, eller om ein større del av det samla regelverket kan plasserast i lova. I eit brukarperspektiv kan det vere ein fordel om regelverket i størst mogleg grad er samla ein stad, men dette må vurderast konkret. I den mon det er behov for forskriftsregulering, bør ein i alle høve freiste å unngå at det blir gitt fleire forskrifter enn strengt nødvendig.

I nokre av paragrafane er forskriftskompetansen lagt til Kongen, medan den i andre er lagt til departementet. Det er viktig at ein har ei medviten haldning til kvar kompetansen blir lagt. Ei rekke stader heiter det at "Kongen gir regler om". Dersom meininga er å gi Kongen ein kompetanse til å gi forskrifter, bør det heller stå "Kongen gir forskrift om".

Det er behov for ein språkleg gjennomgang av lovforslaget. Vi nemner særskilt at lovforslaget inneheld ein del kommafeil. Vi gjer også merksam på at seiemåten "Det er et vilkår for", som går igjen i fleire av paragrafane, er noko tung og harmonerer dårleg med tradisjonell regelterminologi. Paragraf 20-10 andre ledd første punktum i lovforslaget kan ein t.d. heller formulere slik:

"En person må ha minst tre års trygdetid for å ha rett til garantipensjon".

Med helsing


Harald Aass
seniorrådgjevar


Ashild Tveit
fyrstekonsulent